



Einkvelds Barometer 25. oktober

Resultat A-pulje					
Nr	Namn	Score	Prosent	Klp	Premie
1	Theo Linge - Sigfred Gjerde	66,30	65,34 %	46	135
2	Kjell Gaute Fyrun - Terje Hirth	57,50	63,31 %	31	115
3	Hans Olaf Hansen - Finn Eriksen	37,10	58,59 %	22	100
4	Helge Toft - Per Halvorsen	31,40	57,26 %	16	90
5	Terje Sæbø - Agnar Kronen	22,30	55,15 %	11	80
6	Lisbeth K. Glærum - Atle Seim	12,10	52,81 %	8	
7	Erik Engum - Per Reidar Dale	3,90	50,91 %	6	
8	Harald Fløysand - Tor Grimstad	0,70	50,16 %	4	
9	Sigmund Sæbø - Sigrun Reigstad	-2,30	49,48 %		
10	Elisabeth Eikeland - Ragnar Tveit	-6,50	48,50 %		
11	Gerhard Leiten - Terje Nilsen	-11,80	47,28 %		
12	Kjell Asbjørn Helland - Vidar Kjøraas	-13,90	46,78 %		
13	Morten Haugen - Stine Holmøy	-14,50	46,64 %		
14	Martin Ivar Henden - Jostein Obrestad	-15,20	46,48 %		
15	Tord Lønnebotn - Per Aam	-15,90	46,32 %		
16	Erik Eriksen - Frank Ove Sandvik	-17,60	45,92 %		
17	Henry Wathle - Bjørg Brynie	-35,10	41,87 %		
18	Knut Brænden - Jan Thorbjørnsen	-48,70	38,74 %		
19	Oddvar Melchersen - Rolf Skaar	-55,40	37,17 %		
Resultat B-pulje					
Nr	Namn	Score	Prosent	Klp	Premie
1	Einar Sætre - Ottar Eide	37,00	63,70 %	20	115
2	Terje Grefstad - Sigbjørn Svisdal	35,00	62,96 %	14	95
3	Olav Kåre Hagen - Sylvi Hagen	14,00	55,19 %	10	80
4	Astrid Nygaard - Per Nygaard	10,50	53,89 %	7	
5	Harald Nilsen - Harry Ulvatn	5,00	51,85 %		
6	Ole Årland - Laila E. Årland	2,00	50,74 %		
6	Kari Matre - Oddbjørn Småland	2,00	50,74 %		
8	Rigmor Åse Myhre - Randi Jensen	-7,50	47,22 %		
9	Turid Tøsdal - Berit Rødland	-8,00	47,04 %		
10	Arvid Menes - Sigurd Heggelund	-25,50	40,56 %		
10	Alf Selvik - Erling Skiple	-25,50	40,56 %		
12	Kirsten Holm - Anne Ringstad	-37,40	36,15 %		

"Mykje skrik, men lite ull", sa Fanden, han klypte grisen

Spel 13 – 18. oktober

Ved eine bordet opna Nord med 1 spar og Syd melde 2 NT (Stenberg). Nord melde 3 kløver, ogkontrakten vart etter kvart fastlagt til 6 spar.

På spørsmål om meldingane, sa Syd at 3 kløver viste 4 kløver og tillegg.

Då kontrakten f auk heim, og Nord var renons i kløver, kjende motparten seg lurt og ville ha spelet justert meddi dei meinte at Nord plikta å varsle feil forklaring før utspel vart gjort.

Heile spelet:

♠ AJ832	♠ 5
♥ AQ984	♥ T53
♦ Q72	♦ 9654
♣ -	♣ KJ843
♠ KQ9	♠ T764
♥ J62	♥ K7
♦ T3	♦ AKJ8
♣ A9765	♣ QT2

§ 75 omhandlar FEIL FORKLARING ELLER FEIL MELDING:

- Feil som gir opphav til urettmessig informasjon.
- Feil forklaring.
- Feil melding.

"Makkeravtalen er som Syd har forklart og feilen er Nords bud. Her er det ikkje skjedd noe regelbrudd, ettersom Øst-Vest faktisk fikk en nøyaktig beskrivelse av Nord-Syds avtale. De har ikke noe krav på å få en nøyaktig beskrivelse av Nord-Syds hender. (Uansett om de blir påført skade eller ikke, skal TL la resultatet bli stående. Men hvis det ikke foreligger bevis for det motsatte, skal TL gå ut fra at det er gitt feil forklaring og ikke avgitt et feilaktig bud.) Nord må ikke korrigere Syds forklaring (eller gjøre TL oppmerksom på den) med det samme, og har heller intet ansvar for å gjøre det senere."

Det vart mykje støy i etterhand, men det kom (klokleg nok) ingen appell som var varsla.

Ein presiserer at regelen om å gje korrekt og fullstendig forklaring gjeld ubetinga, og at ein evt. pliktar å varsle dersom makker gir feil forklaring, men ikkje før meldingsforløpet er slutt.

Avgjerande i dette tilfellet er a) Har Syd avgitt feil forklaring (evt. beviskrav for det motsette?).

b) Er Øst-Vest påført skade ved Nords feilaktige melding?

I dette tilfelle går ein ut frå at ein kan svare "NEI" på både spørsmål a) og b). OBS: Tek gjerne mot innspel!

Klubbmesterskapet

Innleiande runde – Finalekvalifisering:

- ✓ Vert spelt som Monrad-turnering over to kveldar, 7 rundar à 4 spel i runden kvar kveld.
- ✓ 32 min pr runde (18.30 – 22.15)
- ✓ Varsel 4 min før rundeslutt – spel som ikkje er påbegynt vert scora som middels (50%-50%)
- ✓ Stedfortredar tillatt ein kveld.

Finale:

- ✓ Vert spelt som ei turnering over 3 kveldar der "alle møter alle".
- ✓ 22 par: 7 rundar à 4 spel i runden kvar kveld, evt. 16 par: 5 rundar à 6 spel i runden kvar kveld (avhengig av antal par i innleiande runde (33-/34+))
- ✓ Øvrige par stiller på "venteliste" i fall kvalifiserte par melder forfall til finalen.
- ✓ 32 min pr runde (18.30 – 22.15), evt 45 min pr runde (18.30 – 22.15)
- ✓ Varsel 4 min før rundeslutt – spel som ikkje er påbegynt vert scora som middels (50%-50%)
- ✓ Stedfortredar/reservepar tillatt ein kveld.

Sideturnering:

- ✓ Ingen sideturnering dei to første kveldane, berre Finalekvalifisering.
- ✓ 3-kveldars sideturnering – ei pulje – for dei som ikkje spelar klubbmesterfinalen (To beste tel samanlagt).

Slem

♠ K		
♥ AQ72		
♦ QT9874		
♣ A5		
♠ Q985		♠ T742
♥ KT		♥ J9643
♦ 632		♦ 5
♣ 9742		♣ J63
♠ AJ63		
♥ 85		
♦ AKJ		
♣ KQT8		

Det er ikkje ofte at ein får alle 13 stikka ved alle bord, men det hende i dette spelet sist tysdag (N/Ø-V):

Nord opnar gjerne med 1 ruter, og Syd som kan telje opp 18 punktar luktar nok straks slem. 1 spar er naturleg melding, og Nord som har 15 punktar har fleire val: 2 ruter viser helst ei svak hand med maks 14, 3 ruter og 2 hjarter viser helst 16+. Reversmeldinga 2 hjarter synest kanskje å vere beste val.

Syd er no sikker på at ein skal i slem, truleg i grand, og kan vel melde 4 NT og spørje etter Ess.

Nord melder 4 hjarter som viser 2 ess, og om paret brukar RKC viser det i tillegg hjarter Dame. I sistnemnde tilfelle veit Syd at ein manglar ess eller konge i hjarter, rimeleg er då 6 NT sluttkontrakten. Brukar ein 4-ess Blackwood, veit ein at ein rår over alle 4 ess, og kan gå vidare med 5 NT. Sidan ein manglar ein konge, blir venteleg 6 NT kontrakten her og, medan optimistane nok kan våge 7 NT.

Om Nord melder 3 ruter i staden for å reversere med 2 hjarter, blir nok gjerne sluttkontrakten 6 ruter. Med 6 ruter i Nord, kan Syd venteleg telje opp 6 stikk i ruter, 3 i kløver og 3 i majorfarge sidan Nord har hjarter Ess og anten spar eller hjarter konge. No vil også optimistane kunna melde 7, sidan eit ekstra stikk gjerne kan hentast i kløver om knekten sit høgst tredje, evt. i hjarter dersom kongen sit i saks, eller ved skvis om kløver knekt sit minst fjerde saman med spar og/eller hjarterhonnør.

Men med den filosofien er det like mange stikk i grand som i ruterkontrakt, og kvifor då velje minorslemmen?

Aktuelt var det i A-puljen eitt par i 7 NT, eitt i 7 Ruter, 3 par i 6 NT og 3 i 6 Ruter. Så var det eitt par som "ikkje såg skogen for berre tre", og fekk ein velfortent botn i kontrakten 3 NT.

(SteKy)



Ein tek gjerne mot stoff til Alerten. Det kan vere ris eller ros eller det ein elles har på hjartet. Og det kan vere spel som fortener omtale – sjølros er tillatt, eller som han sa til makkeren: "Du har jammen noko som eg ikkje har!".

"Kva då???", spurde den forventningsfulle makkeren. "Jau, ein god makker!!" var svaret.